



Gapahuken på Klepp vil verta eit nytt turmål i Uskedalen.

Klepp med sine to store steinar er alt eit nytt turmål i Uskedalen. Dugnadsgruppa er snart klar med den andre gapahuken og alt no finn mange turen både til Flåtene i Eikedalen og til Klepp på Hauglandsfjellet. Dersom det vert brukande arbeidsver på torsdag i denne veka, er prosjektet på det næraste fullført. Uskedalen.no kjem tilbake med innlegg og bilete av dugnadsgruppa og frå arbeidsprosessen. No handlar det mest om stien fram til Klepp.

Det mest vanlege er å gå skogsvegen på Haugland. Eit alternativ er å gå på høgdedraget på Hauglandsfjellet, halda til høgre fram til Kleppastølen, sørvest for Mannsvatnet. Landskapet er ope og det er storslagen utsikt ned dalen og mot Englafjell og Ulvanoso.

Litt framom den siste svingen på skogsvegen må ein vera merksam på ein liten steinvarde. Her tek du av på sti på heim i lia. Straks ser du tufter, tilsaman fem murar, som kan ha vore minne frå støling eller ein audegard.



50 meter ovom den siste svingen på skogsvegen tek du av ved liten steinvarde og går på heim i lia.

Nokre hundre meter lenger framme kjem du til Klepp med to store og markerte steinar i lende. Det er flyttblokker frå istida. Begge steinane har vore eine veggen i to sel.



Stien går framom dei gamle tuftene, til saman fem murar.

Plassen har eit historisk sus over seg. Eit eldre foto syner 11 personar samla på den eine steinen, på heimveg frå Kvinnhersstemna ved lagshytta Fjelly i 1921. Hendinga er grundig dokumentert i boka Uskedal Ungdomslag 1888 - 1988.

Område har kulturhistorisk verdi og bør skiltast, også med informasjonstavle, særleg om selmurane og om det arbeidet som var her.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal



Stien er godt synleg og går i vakker bjørkeskog fram til Klepp.